


VA-rammeplan

til detaljplan for Nygardstranda – gbnr. 54/21 og 54/32 i
Hundeidvik i Sykkylven kommune

Utarbeidd av: Ha-Plan AS

Dato: 21.10.2024

Sist revidert: 25.06.2025





VA-rammeplanen er utarbeidd av Ha-Plan AS v/ siv.ing. Hallgeir Wuttudal. Den er basert på krav i VA-norm for Sykkylven, inkl. Vedlegg B1 Krav til VA-rammeplan og B4 Norm for overvasshandtering.


Formål

VA-Rammeplanen er utarbeidd i samband med detaljregulering av området, og viser forslag til prinsipppløysingar for vatn- og avløpsanlegg for planlagte område for bustadar og fritidsbustadar.

Rammeplanen skal vere i tråd med overordna hovudplanar og vil vere retningsgjevande for vidare detaljprosjektering.

Utarbeidd plan

Nedanfor er vist korleis ein kan knyte dei nye bustadane til eksisterande anlegg i området.



Oversikt over løysingar for vatn og avløp for Nygardstranda pr. 25.06.2025.

(Dette oversiktskartet er også vedlagt i større målestokk, teikning 2422-01-A, datert 25.06.2025.

1. Generelt

- 1.1. ProEss er på gang med regulering av eit område kalla Nygardstranda på begge sider av kommunal veg Kursetstranda (o_V på detaljplanen) like nord for ferjekaia i Hundeidvik.
- 1.2. Planlagte VA-anlegg er så langt mogeleg lagt i planlagte vegtrasear og langs tomtegrenser for å sikre god tilgjenge for framtidig vedlikehald.
- 1.3. Fall på leidningar er vurdert slik at planlagte løysingar er gjennomførbare.
- 1.4. Det er ikkje klausulerte område for drikkevasskjelder i området.
- 1.5. Alle VA-traseane for hovudleidningar som er vist på plankartet, samt vatn- og avløpskummane og naudsynte sandfangkummar langs kommunale vegar er antatt overtatt av Sykkylven Energi, Hundeidvik vassverk eller Sykkylven kommune. Utstikk og anlegg på byggetomtene er antatt å bli private anlegg.

Det er regulert offentleg fortau langs kommunal veg Kursetstranda (o_V).

Tilkomstvegane til bustadane på austsida av kommunal veg er regulert til felles vegar, og tilkomsten til fritidsbustader og naust på vestsida av kommunal veg er regulert som felles direkteavkøyrslar til 2 tomter (totalt 3 avkøyrslar).

Nærmare detaljar om overtaking av vegar og vatn- og avløpsanlegg må avklarast i ein utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Sykkylven kommune, Sykkylven Energi og Hundeidvik vassverk.

- 1.6. Det er ikkje eksisterande anlegg for vatn og avløp innafor planområdet, men det ligg til rette for tilknytning til hovudvassleidninga til Hundeidvik vassverk ved Sørestrandvegen og framtidig reinseanlegg ved ferjekaia. På grunn av at det er usikkert når dette anlegget blir bygt blir det truleg behov for å bygge eit midlertidig slamavskiljaranlegg i planområdet.

2. Vassforsyning

Hundeidvik vassverk har ei 160 mm pvc-vassleidning langs vestsida av Sørestrandvegen som kan tilknyttast i punkt G der det er ein brannkum. Vassverket har også ei 63 mm leidning for drikkevassforsyning på nedsida av vegen Kursetstranda ved punkt C, men denne leidninga har ikkje kapasitet til å tilfredsstille krava til sløkkevatn.

- 2.1. Det er i VA-norma for Sykkylven sett krav om at brannkum eller brannhydrant skal plasserast innanfor 50 meter frå inngangen til hovudangrepsveg. Etter avtale/ godkjenning av VA-ansvarleg kan det gjevast dispensasjon frå dette kravet. For å stette det generelle kravet er det planlagt brannkummar i områda merka H og I. Brannsjefen kan eventuelt godkjenne at det er nok med ein brannkum sentralt i feltet.

Vi vurderer at ei vassleidning av 180 mm pe på strekninga G-F-I har nok kapasitet til å dekke krava i TEK 17 til sløkkevatn (20 l/s).

Planlagte brannkummar i punkta H og I ligg i/ ved køyrevegar og vil vere lett tilgjengeleg for brannvesenet.

2.3. Til drikkevassforsyning for dei nye bustadane og fritidsbustadane er det planlagt å legge ein 63 mm pe-slange i hovudgrøftene. For å sikre rundkøyring på vatnet i fordelingsnettet må leidninga leggst samanhengande på heile strekninga F-B-I-H-F. Dei 3 tomtene ved punkt D kan forsynast via stikkleidningar frå 63 mm pe-leidninga i brannkummen ved punkt I. Denne 63 mm vassleidninga kan eventuelt knytast saman med eksisterande 63 mm vassleidning ved punkt C for å oppnå betre sirkulasjon på drikkevatnet.

2.4. Det er ikkje planlagt sprinkleranlegg i bygga.

3. Spillvatn

3.1. Sykkylven Energi har ei utsleppsleidning ved ferjekaia i området merka A. Dei vurderer å sette ned ein ny slamavskiljar i dette området med nok kapasitet til å motta spillvatnet frå den planlagte utbygginga på Nygardstranda i tillegg til eksisterande tilknyttingar.

Eksisterande spillvassanlegg må derfor oppgraderast med ein ny slamavskiljar eller eventuelt eit reinseanlegg dersom det blir krav om dette.

Ettersom det er usikkert når ei slik utbygging vil finne stad er det aktuelt å bygge eit midlertidig slamavskiljaranlegg med utsleppsleidning inne i planområdet ved punkt B.

Spillvatnet frå bustadtomtene på austsida av vegen Kursetstranda og spillvatnet frå fritidsbustadane på vestsida av vegen Kursetstranda kan ledast til område B, og seinare vidare til punkt A ved eksisterande utsleppsleidning med sjølvfall med ende på ca. kote 3,0 for underkant rør.

Nivået kan hevast litt ved å heve golvnivået på fritidsbustadane, fylle opp terrenget eller å nytte grunne grøfter med isolerte rør. Viss dette ikkje er nok må avløpsvatnet pumpast til det offentlege reinseanlegget når det står klart.

Avløp frå eventuelle underetasjer i fritidsbustadane må pumpast til sjølvfallsleidninga.

3.2. Planlagte spillvassleidningar av 160 mm pvc-rør er dimensjonert for å kunne ta imot planlagt utbygging i området.

3.3. Vi antar at Sykkylven Energi tek seg av prosjektering og utbygging av slamavskiljar/reinseanlegg seinare slik at spillvatnet frå denne utbygginga kan koplust til dette offentlege anlegget når det blir ferdigstilt.

3.4. Berekning av spillvassmengder frå nye bustader og fritidsbustader i regulert område.
Maks. belastning pr. døgn: $200 \text{ l/døgn} \times 15 \text{ bustader} \times 4,0 \text{ pe/bueining} = 12.000 \text{ l/døgn}$.

4. Overvatn

4.1. Det meste av overvatnet frå byggeområda både på øver- og nedsida av Kursetstranda er planlagt ført til sjøen ved punkt merka E. Enden på overvassleidninga ved sjøen bør avsluttast over flomålet eller førast utover til minst kote -1 for å unngå tilstopping av utløpet.

4.2. Overvatn frå bustadområde BF1 og BF2, samt veg f_V1 kan ledast til Raudåa frå punkt I.

- 4.3. Ettersom desse byggeområda ligg nær sjøen er det ikkje naudsynt å etablere magasin for fordrøyning og infiltrasjon i planområdet.
- 4.4. Flomvegar. Sunnfjord Geo Center AS har gjennomført ei flaumfarevurdering av området langs Raudåa. Tilrådingar vedr. byggegrense, fundamentering m.m. er innteke i reguleringsføresegnene. På eit kritisk punkt (sjå fig. 17 i rapporten) bør flaumvollen utbetrast oppstrøms brua.

Planområdet har elles jamn terrenghelning mot sjøen, og det blir gode avstandar mellom bygga slik at planlagt utbygging ikkje vil stenge for andre mindre flomvegar gjennom planområdet

5. Vedlegg

Oversiktsteikning VA-Rammeplan, teikning 2422-01-A, datert 25.06.2025.